

Førde, 27.06.2013

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## **Høyringsfråsegn: SFE Produksjon AS – Søknad om løyve til bygging av Litlevatnet kraftverk, Hestedalsvatnet kraftverk, Grønskredvatnet kraftverk og Myrbærdalen kraftverk, alle i Norddalsvassdraget i Flora kommune, Sogn og Fj.**

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 18.03.2013 og til sakspapira som vi har lasta ned via internett. Litlevatnet, Hestedalsvatnet, Grønskredvatnet og Myrbærdalen kraftverk ligg alle i det same vassdraget, i ulike delar i det same viktige friluftsområdet, og har til dels vore handsama i ein tidlegare søknad – Pollen kraftverk – som fekk endeleg avslag i OED 08.04.2003. Derfor har vi valt å handsame alle desse 4 søknadane i ei felles fråsegn.

Grunna det store talet saker som er på høyring om lag samstundes: 10 småkraftsaker i Flora, 2 småkraftsaker i Sørgulen i Bremanger, og 1 kraftlinjesak i Flora, vil høyringsfråsegnene våre bli noko mindre grundige enn vanleg. Vi har avgrensa administrativ kapasitet. Men vi skal prøve å få fram dei viktigaste problemstillingane.

Som NVE kjenner til frå tidlegare fråsegner vi har skrive, kjem vi vanlegvis med framlegg til forbetra utbyggingsløyningar også i saker der vi er sterkt imot utbygging. I dette tilfellet reknar vi både Hestedalsvatnet, Grønskredvatnet og Myrbærdalen som så opplagde Nei-saker at vi har valt å ikkje gjere det for desse 3 sakene. Men vi vil sjølvsagt grunngje kvifor vi meiner at desse sakene er så kontroversielle at vi reknar dei som ”opplagde Nei-saker”. Litlevatn kraftverk reknar vi som mindre kontroversielt enn dei 3 andre, så der vil vi også kome med synspunkt på utbyggingsløyningane.

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.797. Dei 4 kraftverk ligg i Flora Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://flora.turistforeningen.no/>

### **Om friluftsliv i området:**

Denne omtalen omfattar hovudsakleg den delen av nedslagsfeltet i Norddalsvassdraget som ligg nedstrøms ca. midten av Storebotnvatnet. Denne delen av nedslagsfeltet har landbruksvegen frå Norddalen til Litlevatnet som den viktigaste ”inngangsporten”. Dessutan er Ulldalen ein viktig tilleggs-”inngangsport” frå vest. Den delen av nedslagsfeltet som er austafør ca. midten av Storebotnvatnet, har ”hovudinngangsporten” sin frå Grøndalen, inst i Norddalsfjorden. Det er også andre, mindre viktige ”inngangsportar” til nedslagsfeltet, mellom anna frå nord.

Nedslagsfeltet nedstrøms ca. midten av Storebotnvatnet har 2 hovudfunksjonar som friluftsområde:

1. Som eit svært lett tilgjengeleg og ”familievenleg” friluftsområde for turar inne i den aktuelle delen av nedslagsfeltet for Norddalsvassdraget.
2. Som ”trafikk-knutepunkt”, der området rundt Litlevatnet er sentralt for lenger turar i ei heil rekkje retningar.



**Vedr. hovudfunksjon 1:** Spesielt Litlevatnet, Storevatnet og Fessevatnet og områda rundt er attraktive friluftsområde som innanfor ein høgdeskilnad på berre 100 – 150 m er svært lett tilgjengelege og familievenlege. Området er godt eigna både til heildagsturar og korte eller noko lenger ettermiddagsturar. Flora Turlag har fleire årlege turar inn i området. Siste turen var ein ettermiddagstur tysdag 11. juni 2013 med 29 deltakarar. Turen gjekk til Storfurua og den store innhole eika nord for Storevika i Storevatnet og til Fessestøylen (nedlagd), som ligg på nordsida av Storevatnet, litt aust for Storevika. Som nemnt i mellom anna konsesjonssøknaden om Litlevatnet kraftverk, vert området også brukt av skuleklassar. I tillegg er det ein ganske omfattande uorganisert turbruk av området.

Turruta frå Norddalen til Fessestølen er merka, og er ei av dei 7 rutene som er omtala i boka ”Ferdsløvegar i fjella mellom Norddalsfjord, Hyen og Eikefjord”. Boka er laga, og rutene er merka, av ei arbeidsgruppe leia av Jostein Midtbø. Etter løyve frå han, legg vi ved kopi av dei 4 sidene i boka som omhandlar denne ruta, **sjå Vedlegg 2**. På den siste av desse sidene er det også ein omtale av Hestedalsstølen. Som det går fram av teksten på dei 4 sidene, omhandlar dette både kulturminne, kulturhistorie og friluftsliv. 3 av dei 4 utbyggingane er i konflikt med (kul)turruta til Fessestølen. I sum vert dette ein stor konflikt. Særleg stor blir konflikten med Hestedalsvatnet kraftverk og Grønskredvatnet kraftverk, der naturopplevingane er store, og naturen i dag nærast er villmarksprega.

Landbruksvegen frå Norddalen, forbi gravplassen og opp til og rundt vestenden av Litlevatnet, som vart bygd for 8 – 10 år sidan, er i dag ”hovudinngangsporten” til området. Veggen har både positive og negative sider. Dels er den eit nokså skjemma naturinngrep, dels gjer den tilgangen til friluftsområda nordafor, lettare. Inngrepspreget vert gradvis redusert etter kvar som vegkantane gror til.

Den tidlegare hovudstien inn i området, starta ved vestenden av brua over Norddalselva, og gjekk langs elva 400 – 500 m før stien vart samanfallande med der landbruksvegen no går. Denne stien, som også er eit kulturminne, vert framleis litt brukt, men ikkje mykje. Stien vert truleg totaløydela ved Litlevatnet kraftverk vert bygt etter A-alternativet. B-alternativet blir mykje betre.

For dei som ønskjer ein nesten inngrepsfri ”inngangsport” til området, er ruta frå vest via Strømsnesstølen og Ulldalen eit godt alternativ. Turen gjennom den villmarksprega, letttilgjengelege Ulldalen er ei oppleving i seg sjølv, som gjennom åra har vore mykje brukt av Flora Turlag. Både naturen og det biologiske mangfaldet er spesielt i Ulldalen som går akkurat i skiljet mellom devonsk sandstein og konglomerat i nord, og heilt andre ”rikare” bergarter i dalbotnen og i sør.

Turmål innanfor ”hovudfunksjon 1”:

1. Øyrane på nordsida av Litlevatnet. Ein idyll. Fin plass for rasting, teltovernatting, fisking etc.
2. Brua over Hestedalselva. Viktig for å oppleve dei fine Hestedalsfossane.
3. Storevika i Storevatnet. Ein fin rasteplass med utsikt over vatnet.
4. Storfurua som det må 3 personar til for å famne rundt, og den innhole eika som opp til middels store folk kan gå inni, sjå foto. Eika står berre 15 – 20 m frå storfurua.
5. Fessestølen, nokre hundre meter austsøraust for storfurua. Fin utsikt mot Grønskredfossen.
6. Vestenden av Fessevatnet. Tett på Grønskredfossen og fin utsikt austover Fessevatnet og mot Myrbærdalen og Smalelægdene. Fin fiskeplass. Fessevatnet har finast fisk i dei 3 vatna.
7. Hytta på Øyra på nordsida av Fessevatnet. Grunneigareigd hytte som nyleg er rehabilitert.
8. Oppover langs sørsida av Hestedalselva for å oppleve dei flotte Hestedalsfossane på nært hald. Ei stor oppleving når vassføringa er god. Fint også ved mindre vassføringar.
9. Hestedalsstøylen og Hestedalsvatnet. Ruter både på sørsida og nordsida av Hestedalselva. Å gå sørsida er mest vanleg. Frå/sør for Hestedalsstølen er det fin utsikt mot fjella i aust og sør.
10. Tjofjellet 350 m sørvest for Litlevatnet. Ein lett tilgjengeleg og nydeleg utsiktstopp som er eit fast årleg mål på Flora Turlag sine tysdags- og onsdagsturar.

På dei neste sidene følgjer nokre foto frå det området som vert påverka av utbyggingane:

Her Hestedalsfossane sett frå nordenden av brua over elva 18.05.2013. Stor vassføring:



Her er brua over Hestedalselva og 4 av Hestedalsfossane. 2 av fossane er delvis gøymde i skogen til høyre. Fossen på førre bilete er den som er lengst til venstre på dette biletet. 18.05.2013:



Det spesielle med Hestedalsfossane, er at elva renn nedover ei av dei karakteristiske hyllene, eller lægdene, som ein finn så mange av i dette området. Så renn elva over kanten på hylla fleire ulike stadar nedover og dannar fossar der den kastar seg utfor. Viss vassføringa er lita, er det kanskje berre 3 fossar. Etter kvart som vassføringa aukar, aukar også talet på stader der elva renn over kanten, og dermed talet på fossar, opp til eit maksimum på ca. 14 fossar. Viss vassføringa blir enda større, vert talet på fossar ved sida av kvarandre redusert litt, fordi enkelte av dei ca. 14 fossane smeltar saman til ein.

På dei 2 fotoa på neste side har vi gått eit stykke oppover langs sørsida av elva/fossane (i retning Hestedalen) for å oppleve dei øvre fossane på litt nærare hald. Det øvste biletet på neste side viser den største av desse fossane på nært hald. Det er den same som vi ser litt av til venstre i biletet ovanfor. Biletet er litt uklårt grunna vassprut på linsa.

Det nedste biletet på neste side viser dei 2 største av dei fossane som er enda lenger oppe enn fossen øvst på sida. Dei fossane ser vi ingenting av på biletet ovanfor.



Dette fotoet er teke frå Storevika i Storevatnet og i austleg retning. Vi ser toppen av Dalreset i bakgrunnen litt til venstre for midt i biletet. Den høgste toppen til venstre i bakgrunnen er toppen av Blåfjell, 764 m.

Vegen til Myrbærdalen kraftverk er planlagd å skulle gå i fjellsida bak vatnet på biletet. Ein veg i det terrenget som er der, vil føre til ”forferdelege”, og etter vårt syn fullstendig uakseptable, inngrep i ein frå før nesten totalt urørt og villmarksprega natur. Deler av landskapet må bokstaveleg tala ”sprengast i filler” for å kome fram med ein veg i dette terrenget. Dyrt blir det også!



På fotoet nedanfor ser vi den dåverande leiaren i Flora Turlag og 2 andre femne rundt storfurua, som står eit par hundre meter nord for Storevika i Storevatnet. Furua er i dag ca. 4 m i omkrins, og vert rekna som det største treet i Flora kommune. Fotoet vart teke under ein turlagstur 04.06.2007. Då vart furua i brysthøgde målt til 3,81 m i omkrins. I dag er den truleg litt større.



Her er ein vaksen person på veg inn i den innhole eika som står like ved storfurua. Inngangen gjennom stammen er litt trong, men inne i treet er det relativt god plass til ein vaksen person som ikkje er over middels stor. Slike attraksjonar som dette, er med på å styrke (natur)opplevingane både på turlagsturar, skuleklasseturar og uorganiserte turar. Dette fotoet vart teke 04.06.2007, men vi kunne også brukt eit liknande bilete frå turlagsturen med 29 deltakarar tysdag 11.06.2013.



Grønskredfossen sett fra Fessestølen. Imponerende, selv om vi berre ser den øvste delen av fossen:



**Vedr. hovudfunksjon 2:** Litlevatnet-området som ”trafikk-knutepunkt” for mykje brukte/noko mindre brukte turruter i nedslagsfeltet for Norddalsvassdraget nedstrøms ca. midten av Storebotnvatnet. Dei fleste av desse rutene har start eller avslutning i nedslagsfeltet, andre går tvers gjennom.

Den mest tradisjonsrike av desse turrutene er heilt sikkert turen til toppen av Haukåbøra, eller berre Børa som den vanlegvis vert kalla. Den ruta har folk i Flora gått i meir enn 80 år, truleg lenger. (Vi veit heilt sikkert at dette var ein populær fjelltur frå først i 1930-åra, men vi kjenner oss nokså sikre på at turen vart gått lenge før det!) Døme: Den første leiaren i Flora Turlag gjekk turen kvart år i 52 år på rad, frå og med 1955 til og med 2006. I mange av desse åra gjekk han turen meir enn ein gong.

Det er 4 vanleg brukte turruter til Haukåbøra. I tillegg er det nokre mindre vanlege, frå vest og nord. Dei vanlegaste rutene er:

- Frå sør forbi Strømsnesstølen og Grisebotsvatnet til toppen. Delvis merka. Ruta er kjem ikkje i konflikt med dei 4 småkraftutbyggingane, men reguleringa av Haukåvatnet har skaper litt problem når vasstanden der er høg. Berre fottur.
- Frå nordsida av Litlevatnet og opp Øyrelægda med passering aust for Litle Børa til toppen. Fin både som fottur og skitur. Konflikt med Litlevatnet kraftverk.
- Frå nordsida av Litlevatnet og opp Skinnstølægda. Namnet står ikkje på kartet, men lægda ligg like sør for Øyrelægda. Etter passering av vatn 526, går ruta over i Øyrelægda. Best som fottur, men kan også gåast på ski. Konflikt med Litlevatnet kraftverk.
- Langs heile nordsida av Litlevatnet og opp langs sørsida av Hestedalselva. Opp heile Hestedalen til toppen. Dette er den beste skiturruta, men den er også fin å gå til fots. Konflikt både med Litlevatnet og Hestedalsvatnet kraftverk.

Eit utval andre turruter i ”hovudfunksjon 2”:

- Via Strømsnesstølen og Ulldalen og inn i, eller gjennom nedslagsfeltet. Flora Turlag har gjennom åra hatt mange fine turar langs denne ruta.
- Frå Norddalen via Hestedalen og langs vestsida av Svartevatnet til Svelgen. Både fottur og skitur. Underskrivne sakshandsamar har berre gått den til fots.
- Frå Grytadalsbu og austover forbi Børevatnet, gjennom Hestedalen, langs nordsida av Fessevatnet og over Storebotsnipa/Trollebotsnipa til Blåbrebu. Klårt best som fottur, men kan også gåast på ski. Ruta kan kortast inn ved at ein etter passering av Hestedalen går ned via Litlevatnet til Norddalen.
- Frå Norddalen via Litlevatnet og nordsida av Fessevatnet og til Blåbrebu. Mest vanleg til fots, men kan også gåast på ski.
- Frå Norddalen via Litlevatnet og nordsida av Fessevatnet til Nedre Storebotnvatnet. Heile Storebotnvatnet inklusive Nedre, er glimrande fiskevatn, trass i den store reguleringa.
- Frå Norddalen via Litlevatnet og vestenden av Fessevatnet til (vestre) Storebotnen. Fottur. Turen kan vidareførast nordover til fjelltoppen Keipen, 1.362 m, og/eller til Svelgen.

**Storevatnet og Fessevatnet sett på avstand:** Frå fleire viktige turmål/toppar på sørsida av Norddalsfjorden, døme: Hatlesetnipa og Middagsnipa, er dei 2 vatna med Fessene (fossane mellom Fessevatnet og Storevatnet), Grønskredfossen og Hestedalsfossane, viktige/svært viktige landskapselement. Dei store vassflatene og dei fine fossane, særleg når vassføringa er stor, er imponerende! Både Grønskredvatnet kraftverk, Myrbærdalen kraftverk og Hestedalsvatnet kraftverk vil øydelegge mykje av denne landskapsopplevinga. Grønskredvatnet kraftverk fordi Grønskredfossen nesten vil forsvinne, og fordi vassføringa i Fessene vil bli kraftig redusert. (Vatnet blir ført forbi Fessevatnet og direkte ned i Storevatnet.) For Myrbærdalen kraftverk er problemet særleg dei omfattande inngrepa frå vegbygginga opp til og på austsida av Storevatnet. Og så vert Hestedalsfossane nesten tørrlagde.

Foto teke frå toppen av Middagsnipa under ein tysdagstur med Flora Turlag 29.05.2012. Middagsnipa ligg tvers over fjorden sør for Norddal. Vi ser Storevatnet, Fessene og Fessevatnet. I bakgrunnen toppane Plogen, Maritinden (skild frå Saga med ei smal kløft) og Saga:



### **Litt historikk når det gjeld nye kraftutbyggingsplanar i Norddalsvassdraget dei siste 30 åra:**

**For ca. 30 år sidan** vart utbyggingsplanar i den nedre delen av Norddalsvassdraget handsama i Samla plan. Flora bystyre gjekk då mot ytterlegare utbygging i Norddalsvassdraget. Vi trur (men er ikkje 100% sikre) at vedtaket var samrøystes.

**I slutten av 1990-åra** vart Pollen kraftverk konsesjonssøkt. Kraftverket omfatta ei stor regulering av Storevatnet og overføring av Hestedalsfossane og Nesjetjønna til Storevatnet. Flora bystyre gjekk med 41 røyster mot utbygging. 4 røysta for. (Bystyret var større den gongen enn i dag.) I NVE si innstilling til OED var overføringa av Hestedalsfossane til Storevatnet fullstendig fjerna, og reguleringa av Storevatnet var kraftig redusert. Flora bystyre sa med 38 røyster nei til denne reduserte utbygginga også. 6 røysta for. Til slutt, i brev av 8. april 2003, sa OED nei til heile utbygginga av Pollen kraftverk. Flora bystyre sitt klåre syn fekk dermed gjennomslag i OED.

**18.06.2013:** Flora bystyre handsama dei 4 nye småkraftsakene i Norddalsvassdraget. Resultat:

|                            |                                  |                          |
|----------------------------|----------------------------------|--------------------------|
| Hestedalsvatnet kraftverk: | 30 røyster <b>mot</b> utbygging. | 2 <b>for</b> utbygging.  |
| Grønskredvatnet kraftverk: | 30 røyster <b>mot</b> utbygging. | 2 <b>for</b> utbygging.  |
| Myrbærdalen kraftverk:     | 30 røyster <b>mot</b> utbygging. | 2 <b>for</b> utbygging.  |
| Litlevatnet kraftverk:     | 2 røyster <b>mot</b> utbygging.  | 30 <b>for</b> utbygging. |

**Sogn og Fjordane Turlag støttar Flora bystyre sine klåre vedtak i desse 4 sakene!**

I den etterfølgjande delen av fråsegna vil vi kommentere kvar av dei 4 utbyggingssakene i Norddalsvassdraget. Dessutan har vi nokre få generelle tilleggskommentarar til søknadane.

### **Generelle tilleggskommentarar til dei 4 søknadane:**

I punkt **1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag** i søknadane, blir Norddalsvassdraget samanlikna med det verna nabovassdraget Solheimsvassdraget, og det blir hevda at:

*"Dei to vassdraga har også liknande kvalitetar med omsyn til natur- og friluftsliv."*

Dette er ein påstand vi ikkje er samde i!: Nesten heile den lågtliggande delen av Solheimsvassdraget renn gjennom område der det er dyrka jordbrukslandskap på minst ei av sidene av vassdraget. Bortsett frå noko bading og fiske, er det få andre enn grunneigarane/hytteigarane som driv friluftsliv i denne delen av vassdraget. Bortsett frå ei kort strekning nede ved utløpet, ligg heile den lågtliggande delen av Norddalsvassdraget i utmark. For ein stor del har denne lågtliggande delen av vassdraget villmarkspreg. Dette gjer at i dei lågtliggande delane, er dei 2 vassdraga svært ulike både når det gjeld naturen og bruken til friluftsliv. For friluftsliv er dei lågtliggande delane av Norddalsvassdraget svært viktige, og klårt viktigare enn dei tilsvarande delane av Solheimsvassdraget. Når det gjeld dei høgtliggande delane har dei 2 vassdraga meir liknande kvalitetar, sjølv om dei er ulike der og. Men det er i dei lågtliggande delane av Norddalsvassdraget dei 4 kraftutbyggingane er planlagde!

**Oversyn over utbygde og planlagde vassdrag i nærleiken:** Desse listene er no mangelfulle (og det skjer stadige endringar). NVE har oversynet.

I punkt **2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket** blir det mellom anna hevda at:

*"Kraftverket vil kunne medverke til å oppretthalde lokal busetjing gjennom inntekter til grunneigarar."*

Ettersom det i desse 4 sakene er utbyggaren som eig fallrettane (i alle fall i all hovudsak), stiller vi oss (sterkt) tvilande til denne påstanden. Kva slags **varige** inntekter er det grunneigarane vil få???

### **Kommentarar om Litlevatnet kraftverk:**

#### **Utbyggingplanane:**

**2.2.3 Reguleringsmagasin:** Øyrane på nordsida av Litlevatnet er eit viktig område for friluftslivet. Elva frå Øyrelægda deler seg i fleire løp, og renn over Øyrane. Desse elvane er vanlegvis små, men ved kraftig regnvær kan dei vekse seg store i løpet av utruleg kort tid. Då kan det bli relativt stor erosjon! Viss Litlevatnet er nedtappa når regnet kjem, kan denne erosjonen bli ekstra stor i/ned mot strandsona, noko som etter kvart kan øydelegge mykje av strandsona, som i dette området er spesielt verdfull. Motsett: Viss vasstanden i vatnet blir for høg, som følgje av kombinasjonen oppdemming og høg vassføring, vil delar av dette området bli sett under vatn. Det er også uheldig!

Fastsettinga av HRV og LRV blir med andre ord ein veldig vanskeleg balansegang mellom å ikkje ha så låg LRV at det blir auka erosjon, og ikkje så høg HRV at det for ofte blir for stort areal som blir neddemt. Det må leggst STOR vekt på, både frå NVE og utbyggaren si side, å finne den rette "balansegangen" og den rette måten å bruke magasinet på. For å gjerne det enklare å oppnå dette, ønskjer vi sterkt at **avstanden mellom HRV og LRV vert redusert frå 1 m til 50-70 cm**. Dette er ein liten reduksjon, men den kan vere viktig for å redusere skadeverknadane av erosjonen.

**2.2.4 Inntak:** Vi er forundra over storleiken på dammane. Det er i søknaden opplyst at: *"Utløpet frå Litlevatnet er delt i to, og dammen vil bestå av to delar. Ved normal vasstand renn det berre vatn i det austlege løpet."* Kvifor skal det då i det vestlege løpet byggast ein dam som er 2 m høg når det ved normal vasstand ikkje renn vatn der, og den totale reguleringshøgda er planlagt til berre 1 m??? **Det verkar som utbyggaren her planlegg ei reguleringshøgde som er mykje større enn 1 m!!!**

Med så stor høgd på dammane, reknar vi med at det vil bli **stor** fare for at det attraktive området på Øyrane vil bli neddemt i altfor lange periodar. Det er ikkje akseptabelt! Basert på det som står i konsesjonssøknaden, er det inntrykket vårt at begge dammane er planlagde til å bli minst 1 m for høge. **Vi ber NVE vurdere damhøgda svært nøye. Val av heilt rett damhøgde er for denne konkrete utbygginga overmåte viktig for å redusere skadeverknadane av reguleringa!**

**2.2.5 Vassveg:** Val av alternativ for vassvegen er viktig for mellom anna friluftsliv og biologisk mangfald. **For begge desse omsyna er Alternativ A (Primæralternativet), det klårt dårlegaste!** Den eksisterande landbruksvegen er i dag den klårt mest brukte "inngangsporten" til det viktige friluftsområdet nordafor. I Alternativ A vil røyrгатетraseen krysse vegen, og deretter gå langs den gamle turstien, som er eit kulturminne. Resultatet av dette vil truleg bli at i anleggsperioden vil tilkomsten til friluftsområdet bli fullstendig sperra i ein lang periode. Dessutan vil det bli omfattande anleggstrafikk på den delen av landbruksvegen som ligg sør for tunnelpåhogget. På lang sikt vil inngrepa frå framføringa av den nedgravne delen av vassvegen truleg bli så store, at dei vil bli svært godt synlege "i all framtid", sjølv om delvis revegetering vil dempe verknaden ein del etter nokre år.

**Alternativ B (Sekundæralternativet) er det klårt beste for begge omsyna!** For friluftsliv vil konflikttane med vassvegen, både i anleggsfasen og driftsfasen, bli avgrensa til områda ved dammen og inntaket. Der bør det vere mogeleg for utbyggaren å sikre tilkomsten til friluftsområdet utan altfor store ulemper for verken utbyggjarane eller turgåarane. Turgåarane må sjølvsagt rekne med å måtte vente litt i samband med sprenging og slike ting, men det er fullt ut akseptabelt. Ei total stenging av tilkomsten til friluftsområdet i ganske lange periodar er derimot **ikkje akseptabelt**.

**Sogn og Fjordane Turlag går sterkt inn for at Alternativ B vert valt for vassvegen.** Sett frå vår synsstad er dette det einaste akseptable alternativet for friluftslivet. Dette er også det klårt beste alternativet på ei rekkje andre fagområde, som biologisk mangfald, landskap og kulturminne. Ei ulempe med B-alternativet er større steinmassar, men viss ein på litt sikt finn fram til ein fornuftig bruk av steinen, vert denne ulempa redusert.

**Uansett val av alternativ, ber vi NVE sette som eit ufråvikeleg krav til utbyggaren at tilkomsten til friluftsområda vert open for stort sett fri ferdsel (korte unntak i samband med sprenging og liknande) i heile anleggsperioden!** Området er så pass mykje brukt at noko anna ikkje er akseptabelt. (Det er sjølvsagt periodar på året då området vert mindre brukt enn i andre periodar, men bruksomfanget er sannsynlegvis nesten like mykje avhengig av vår og føre som av kalenderen.)

**2.2.6 Kraftstasjonen:** Også for kraftstasjonen vurderer vi Alternativ B (Sekundæralternativet) som det klårt beste på fleire ulike fagområde, inklusive friluftsliv. Vi ber om at dette vert valt!

Vi er kritiske til at det, ifølgje utbyggaren, ikkje skal installerast omløpsventil i kraftstasjonen. Dette kan få uheldige følgjer for villfisk i elva nedstrøms utløpet frå kraftstasjonen. **Vi ber NVE om å vurdere grundig trongen for omløpsventil, og sjå denne i samanheng med storleiken på minstevassføringa i ulike tider på året.**

Når det gjeld omsynet til Firda Settefisk, ser vi utfordringar både når det gjeld vassstemperatur om sommaren, luftovermetting, problem ved både bråstopp og planlagde stopp i kraftstasjonen, og stor nok/god nok vassleveranse til kvar tid 24 timar i døgnet, 365/366 dagar i året. Vi er ikkje så 100% sikre på at kraftutbygginga vert så fullstendig problemfri for Firda Settefisk som ein får inntrykk av når ein les konsesjonssøknaden. Men ettersom dette så absolutt ikkje er "vårt problem", skal vi stoppe der. Det som er interessant for oss at NVE vurderer, er om det stemmer at vårt sterke ønskje om Utbyggingsalternativ B vil vere ein fordel, eller (minst) like bra, for Firda Settefisk som Alt. A.

**2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket:** Sitat frå søknaden: *"Moglegheita til regulering av Litlevatnet vil nyttast til å ligge noko under normalvasstand i forkant av flomhendingar og redusere flomtap."* Vi viser til det vi har skrive tidlegare i fråsegna om erosjon på Øyrane. Vi forstår fullt ut utbyggaren sitt ønskje om å drifte kraftverket på denne måten, men samstundes er dette "sjølve oppskrifta på" korleis det skal bli erosjon i dei store lausmassane på Øyrane. For å redusere problemet, bør den maksimale reguleringshøgda reduserast til 50 – 70 cm, og NVE bør ikkje gje løyve til å gå ned meir enn maksimum 20 cm under normalvasstanden, helst berre 10 cm. Som tidlegare nemnt, dette er eit tema som vi ber NVE vurdere grundig for at problema som følgje av reguleringa skal bli minst mogeleg. Vi ber også NVE om å sjå spesielt på Øyrane under sluttsynfaringa av kraftverket.

**2.2.8 Vegbygging:** Under opprustinga av den eksisterande vegen, ber vi om at det vert lagt ekstra stor vekt på god terrengtilpassing av vegen. Den kunne nok vore betre i dag, for å seie det slik, og bør heller bli betre enn dårlegare etter opprustinga! Vi merkar oss at vegen fram til dammen skal vere **midlertidig**, og det er viktig at den blir det, slik at det ikkje blir nye varige inngrep på den strekninga.

**2.2.1 Nettilknytting:** Kabel fram til eksisterande 22 kV-linje er bra! Elles gjer vi merksam på at det ikkje er konsesjonssøkt 420 kV-transformering på Grov. Dei næraste 420 kV-trafoane er i Ålfoten og på Moskog. Men vi reknar ikkje med at det vil verte noko problem for denne utbygginga.

### **Konsekvensane av utbygginga:**

**3.1 Hydrologi:** Ei minstevassføring som er lik 5-persentilane sommar og vinter er normalt OK, men i dette tilfellet ber vi NVE vurdere om dette er nok for villfisken nedstrøms kraftstasjonen, viss det ikkje skal installerast omløpsventil i kraftstasjonen. Viss ikkje minstevassføringane blir auka, må det sterkt vurderast krav om omløpsventil!

**3.2 Vassstemperatur, isforhold og lokalklima:** Isen på Litlevatnet vil bli mykje dårlegare eigna for skigåing enn i dag, mellom anna grunna mykje problem med overvatn på isen. Overvatnproblema aukar dess lægre over havet og dess nærare kysten dei regulerte vatna ligg, og Litlevatnet ligg derfor svært utsett til for å få overvatn. Ettersom ein har landbruksvegen som ein alternativ stad å gå, vert problemet redusert.

Om sommaren vil det ved brå stopp i kraftstasjonen, og utan omløpsventil, bli brå auke i vassstemperaturen nedstrøms kraftstasjonen. I kva grad dette vil få konsekvensar for villfisken i elva nedstrøms kraftstasjonen, har vi for lite kunnskap til å seie noko sikkert om. Men at fallet i vassføringa i elva ved slike bråstopp vil kunne bli kritisk for fisken, det er det liten tvil om!

**3.4 Ras, flom og erosjon:** Den store faren for auka erosjon på Øyrane på nordsida av Litlevatnet, er ikkje omtala i det heile. Vi viser til det vi har skrive tidlegare i fråsegna om dette.

**3.5 Raudlisteartar og 3.6 Terrestrisk miljø:** Vi reknar med at andre høyringsinstansar, og NVE, vurderer dette. Det er mykje verdfullt biologisk mangfald i området som vert påverka av utbygginga.

**3.7 Akvatisk miljø:** Det er heilt klårt at viss kraftstasjonen vert bygd utan omløpsventil, vil dette kunne få store negativet følgjer for villfisken, inklusive anadrom fisk, i elva nedstrøms kraftstasjonen. Eit mogeleg avbøtande tiltak for dette, vil vere å bygge ei laksetrapp opp til utløpskulpen for kraftstasjon. I denne utløpskulpen vil den anadrome fisken truleg vere trygg ved brå stopp av kraftstasjonen. Kanskje kan denne kulpen verte ein god gyteplass også? Men det må vurderast om luftovermetting i vatnet vil verte eit problem. **Viss NVE vurderer å godkjenne bygging av ein kraftstasjon utan omløpsventil, meiner vi bygging av ei slik laksetrapp må vere eit absolutt krav!**

**3.9 Landskap:** Utbyggingsalternativ B vil vere svært mykje betre for landskapet enn alternativ A. Alternativ B bør derfor veljast. For å redusere skadeverknadane på landskapet, er det viktig med god terrengtilpassing av vegane, at vegen fram til dammen vert fjerna etter utbygginga, og at dei 2 dammane som skal byggast, ikkje blir høgare enn høgst nødvendig. Vidare er det viktig å unngå erosjon.

**3.10 Kulturminne og kulturmiljø:** Som nemnt tidlegare i fråsegna, er den gamle stølsvegen langs den nedste delen av elva eit kulturminne, i alle fall frå nyare tid. For dette kulturminnet er utbyggingsalternativ A klårt dårlegare enn alternativ B! Alternativ A gir truleg totaløydelegging!

**3.12 Jord- og skogressursar:** Øyrane på nordsida av Litlevatnet er ein viktig del av eit område som vert aktivt nytta som storfebeite. Viss det blir auka erosjon og/eller auka neddemming av dette området, vil det vere negativt! Også for jordbruket vil måten Litlevatnet vert regulert på, vere viktig.

**3.14 Brukarinteresser:** Vi viser til det vi har skrive tidlegare i fråsegna. Utbyggingsalternativ A er mykje meir negativt enn alternativ B. Det er eit krav at det er tilgang til friluftsområda i gjennom heile anleggsperioden!

### **Samandrag av Turlaget sitt syn på bygging av Litlevatnet kraftverk:**

**Under føresetnad av at Utbyggingsalternativ B vert valt, vil Sogn og Fjordane Turlag ikkje gå mot bygging av Litlevatnet kraftverk.** Området er noko prega av veginngrep frå før, og Alternativ B gir ikkje større tilleggsinngrep enn det vi vurderer som akseptabelt – viss utbygginga vert gjennomført på ein god måte - sjå tidlegare i fråsegna.

Utbyggingsalternativ A gir så store ulemper for friluftslivet (og på andre fagområde), særleg i anleggsfasen, men også i driftsfasen, at vi går mot ei utbygging etter dette alternativet!

### **Kommentarar om Hestedalsvatnet kraftverk:**

#### **Utbyggingplanane:**

**2.2.4 Inntak:** Inntaket er planlagt i eit område som i dag er fullstendig urørt. Det kjem også nær ved den mest brukte stien opp til Hestedalen. Bedømt ut frå detaljkartet i Vedlegg 3, kjem inntaket til å påverke vassstanden i Hestedalsvatnet, men viss det gjer der, vert påverknaden truleg liten.

**2.2.5 Vassveg:** Det største problemet med vassvegen, er deponeringa av steinmassane. Området der utbyggaren har planlagt å legge deponiet, i det særeigne skaret vest for Nesjeholten, er tilsynelatande eit bra område, men då har ein ikkje vurdert korleis dette skaret i si tid vart danna. Vi reknar det som sannsynleg at dette skaret har vorte danna under den siste istida, på tilsvarande måte som det kjende, og **svært** mykje større, Jutulhogget i Hedmark. I så fall er dette eit interessant "naturdokument". Om det vi reknar som sannsynleg, er rett, må fagfolk vurdere. Viss NVE, trass i den store motstanden, skulle vurdere å gje konsesjon til utbygginga, meiner vi at dette **må** vurderast av kompetente fagfolk. Deponering av steinmassar i dette skaret, vil jo fullstendig øydelegge det som "naturdokument". I tillegg vert den interessante merka turruta gjennom skaret, den er også eit kulturminne, bli øydelagd.

**2.2.6 Kraftstasjonen:** Kraftstasjonen er planlagt plassert enten i, eller kloss ved, den merka turruta til Fessestølen, og kloss ved der turgåarane i dag stoppar for å oppleve dei fine Hestedalsfossane. Sjølv om det blir etablert støydempende tiltak, vil støyen frå kraftstasjonen høgst sannsynleg likevel bli **sterkt** sjenerande, fordi turruta passerer så nær stasjonen.

**2.2.8 Vegbygging:** Vegbygginga vil kome i til dels sterk konflikt med ei rekkje Prioriterte naturtypar og EDNA viktige naturområde ved vestenden og på nordsida av Litlevatnet. **Sjå karta i Vedlegg 1.**

Dessutan vil den merka turruta fram til gangbrua over Hestedalselva i praksis bli øydelagd, sjølv om ein del av den ikkje blir direkte nedbygd. Med ein bilveg i bakkanten, vil den flotte raste- og teltplassen på Øyrane på nordsida av Litlevatnet, vil få sterkt redusert verdi. Heile den eksisterande landbruksvegen frå gravplassen i Norddalsfjorden og fram til Hestedalselva vil måtte oppgraderast til bilveg, grunna dei tunge transportane som må gjerast fram til ein eventuell Hestedalsvatnet kraftstasjon. Dette vil føre til store nye inngrep! Trongen for oppgradering av vegen vil bli **mykje** større enn viss det berre er Litlevatnet kraftverk som skal byggast etter B-alternativet. For bygging av eit inntak og ein dam for Litlevatnet kraftstasjon, treng ein ikkje særleg stor oppgradering av vegen. Den kan brukast både av traktor og anleggsmaskiner (nokolunde) slik den er i dag.

**2.2.9 Massetak og deponi:** Vi viser til det vi har skrive om dette under punkt 2.2.5 Vassveg. Vi er sterkt mot etablering av deponi i det spesielle skaret!

**2.2.10 Nettilknytning:** At nettilknytninga skal skje via ein kabel fram til eksisterande 22 kV-linje, er bra, og det einaste akseptable vi ser ved denne utbygginga. **Men utbygginga er heilt uakseptabel!**

### Konsekvensane av utbygginga:

**3.1 Hydrologi:** Ei minstevassføring som er lik 5-persentilane sommar og vinter er normalt OK, **men absolutt ikkje i dette tilfellet!** Ei slik minstevassføring, og dermed i praksis ei utbygging av Hestedalsvatnet kraftverk, vil verte "ei katastrofe" for dei flotte Hestedalsfossane. På dei få dagane i året då det er relativt kraftig snøsmelting, slik det var 18.05.2013, då fleire av bileta lenger framme i fråsegna vart tekne, vil det framleis vere "liv i fossane". Det same vil det vere når det er ekstra kraftig regnvêr om hausten – men kor attraktivt er det å gå på tur då??? Men i den aller mest brukte og mest attraktive delen av tursesongen, når det er godvêr om sommaren og hausten, vil det berre renne minstevassføring i Hestedalsfossane. Det er berre litt betre enn tørrlegging. Ein kraftig auke av minstevassføringa vil kunne bøte litt på "katastrofen", men då vert utbygginga ulønsam. **Det einaste "avbøtande tiltaket" som er effektivt i dette tilfellet, er ingen utbygging!**

**3.5 Raudlisteartar og 3.6 Terrestrisk miljø:** Vi reknar med at andre høyringsinstansar, og NVE, vurderer dette. Det er mykje verdfullt biologisk mangfald i området som vert påverka av utbygginga. Vi er sterkt forundra over at verdien er sett til "liten til middels for terrestrisk miljø", når det i delar av vegtraseen er raudlista (NT) beiteskog som er "Svært viktig" og andre område som har verdi "Viktig". **For oss verkar det som både verdivurderinga og konsekvensvurderinga er sette altfor lågt!** Vi går ut frå at Fylkesmannen sine fagfolk vurderer dette mykje grundigare enn det vi kan!

**3.9 Landskap:** Hestedalsfossane, og dei flotte, nesten urørte omgjevnadane dei ligg i, har etter vårt syn **svært stor verdi** som landskapselement. Det er svært få andre stadar ein finn noko liknande! Fotoa i figur 3.3 illustrerer tydeleg den store skilnaden mellom minstevassføringa om sommaren og middelvassføringa. Slukevna i kraftstasjonen er meir enn dobbelt så stor som middelvassføringa, det burde vore eit foto av korleis fossane då ser ut. Det er elles verd å merke seg at i oktober månad, då begge fotoa er tekne, ville minstevassføringa berre vore om lag 1/3 av det den er på det øvste fotoet!

Underskrivne sakshandsamar og kona mi hadde ein utanlandsk student på besøk 17. mai i år. Når vi skulle gå på tur 18. mai, var det slett ikkje tilfeldig at Hestedalsfossane vart valde som turmål. Vi vil jo gjerne vise fram noko av den flottaste naturen Noreg har å by på innan rimeleg reiseavstand for ein kort dagstur. Vi gjekk både opp til brua og oppover i retning Hestedalen langs sørsida av fossane. Og vi gjekk så nær fossane at vi fekk oppleve vinden og spruten frå fossane i ansiktet! At turen vart ei stor oppleving, kan vel best illustrerast med at eitt av fossebileta frå turen no er studenten sitt framsidebilete på Facebook. **Ungdomar sine framsidebilete på Facebook skal ikkje "leggast i røyrt", dei skal takast vare på for framtidige generasjonar. Det er viktig - for oss alle!**

**3.10 Kulturminne og kulturmiljø:** Dei gamle stølsvegane, både den merka til Fessestølen, og den umerka til Hestedalsstølen, er kulturminne frå nyare tid. Det same er stølstuftene. Fotoet i Figur 3.6 i konsesjonssøknaden, viser restane etter Hestedalsstølen.

**3.14 Brukarinteresser:** Vi viser til det vi har skrive tidlegare i fråsegna. Vi vil likevel kome med nokre tilleggskommentarar. I konsesjonssøknaden står det mellom anna: *”Området rundt Hestedalsvatnet og prosjektstrekninga av Hestedalselva er lite brukt av menneske.”* **Denne påstanden er fullstendig feil, og vitnar om stor kunnskapsløyse!** Det er **mange**, ikkje berre underskrivne sakshandsamar og ein utanlandsk student, som går oppover langs sørsida av Hestedalsfossane for å oppleve fossane på nærare hald. (Sjølv 18. mai møtte vi ein til i same ærend i løpet av den nokså korte tida vi var der.) Det er ikkje så mange som går heilt opp i Hestedalen og eventuelt vidare til Haukåbøra eller nordover til Svelgen. Men like fullt er dette vanleg brukte turruter, spesielt den til Haukåbøra. Hovudruta ”hytte til hytte” frå Årebrot nord for Florø i vest, via Grytadalsbu, (tidlegare også Børabu,) Blåbrebu og Gjeugnabu, til Hyen i aust, går gjennom Hestedalen. Delar av denne ruta er merka, delar er ikkje merka. (Gjennom Hestedalen er den ikkje merka.)

Som erstatning for at Flora Turlag si avtale om bruk av Børabu vart oppsagd (NVE kjenner grunnen til det) vurderer Flora Turlag å bygge ei ny hytte i Hestedalen, for å redusere den altfor store avstanden det i dag er mellom Grytadalsbu i vest og Blåbrebu i aust. Hestedalen ville vere ein god stad å plassere ei slik hytte. Den vil passe godt inn i vest-aust-rutenettet, samstundes som den vil verte relativt lett tilgjengeleg, og eit godt utgangspunkt både for fotturar og skiturar. Førabels har ikkje Flora Turlag teke endeleg avgjerd om bygging av hytte i Hestedalen, men det har vore oppe på årsmøtet.

**Før Turlaget har området, inklusive Hestedalsfossane, Stor verdi for friluftsliv!**

#### **Samandrag av Turlaget sitt syn på bygging av Hestedalsvatnet kraftverk:**

**I Sogn og Fjordane Turlag går vi så sterkt vi kan mot bygging av Hestedalsvatnet kraftverk.**

Ei utbygging er rett og slett ikkje akseptabel for oss! Området er altfor verdfullt for oss til det, og vi håpar at vi har greidd å grunngje det på ein brukbar måte.

#### **Kommentarar om Grønskredvatnet kraftverk:**

##### **Utbyggingplanane:**

**2.2.2 Overføringer:** Vatn 731 ligg i eit høgfjellsområde som i dag er fullstendig inngrepsfritt! Innafor det som geologane kallar ”Hornelsens devonfelt”, har slike område stor verdi, fordi området elles er så sterkt prega av kraftutbyggingsinngrep. Med oppdemming av vatnet, boring av ein overførings-tunnel med tilhøyrande deponi, og etablering av ei ny kunstig elv ned mot Grønskredvatnet, vil dette urørte, sårbare høgfjellsområdet bli ganske sterkt inngrepsprega. Inngrepspreget blir forsterka fordi området er så fullstendig inngrepsfritt frå før.

**2.2.3 Reguleringsmagasin og 2.2.4 Inntak:** Både reguleringsmagasinet og inntaket er planlagt i eit sårbart høgfjellsområde som i dag er fullstendig urørt. Inngrepa, med bygging av ein 3 m hög dam, kanalisering mellom dei 2 delane av vatnet og reguleringa på 2 m, vil gjere området ganske sterkt inngrepsprega. Det vil bli enda verre enn for Vatn 731!

**2.2.5 Vassveg:** Det er 2 store problem med vassvegen. Det eine er deponeringa av steinmassane. Der viser vi til det vi skreiv under Hestedalsvatnet kraftverk. Dei problema vi omtala der, vil bli betydeleg verre viss Grønskredvatnet kraftverk skulle bli bygd. Det andre problemet er knytt til den nedgravne delen av røygata. Den er planlagt i ein Prioritert naturtype med verdi Viktig. Sjå Vedlegg 1. Store og mindre store rotnande tre i området, indikerer rikt biologisk mangfald!

**2.2.6 Kraftstasjonen:** Kraftstasjonen, og utløpet frå den, er planlagt plassert i kanten av den Prioriterte naturtypen i Storevika, og kloss ved den fine rasteplassen i Storevika, ruta til storfurua og den innhole eika, og den merka turruta til Fessestølen. Sjølv om det blir etablert støydempende tiltak, vil støyen frå kraftstasjonen truleg bli **sterkt** sjenerande, ettersom turruta passerer så nær stasjonen.

**2.2.8 Vegbygging:** Når det gjeld vegbygginga, viser vi til det vi skreiv under Hestedalsvatnet kraftverk. Men for Grønskredvatnet kraftverk vil dei negative konsekvensane bli enda større, fordi vegen, med tilhøyrande parkeringsplass og snuplass, vil gå enda lenger inn i det verdfulle og mykje brukte friluftsområdet.

**2.2.9 Massetak og deponi:** Vi viser til det vi har skrive om dette i punkt 2.2.5 Vassveg, for dette og for Hestedalsvatnet kraftverk. Vi er sterkt mot etablering av deponi (og veg) i det spesielle skaret!

**2.2.10 Nettilknytning:** At nettilknytninga skal skje via ein kabel i vegen fram til eksisterande 22 kV-linje, er isolert sett bra. **Men både sjølve kraftutbygginga og vegbygginga er heilt uakseptable!**

**2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar:** Vedr. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin "Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging": At det i oppstillinga av fossar/stryk som er viktige landskapselement i Norddalsvassdraget berre er nemnt Hestedalsfossane, Fessene og den tørrlagde Storebotsfossen, og ikkje Grønskredfossen, skuldast nok berre "ein glipp" i planarbeidet. Grønskredfossen er så markert i landskapet at den fullt ut ville fortent ein plass på lista.

Vi er **svært forundra** over at utbyggaren så vidt vi kan sjå (vi ber om orsaking viss vi har oversett det) ikkje har nemnt med eitt einaste ord det som vel må seiast å vere den aller viktigaste offentlege nasjonale føringa for alle småkraftutbyggarar, nemleg **OED sine vedtekne Retningslinjer for små vasskraftverk!** Grønskredvatnet kraftverk (og dei 3 andre omsøkte kraftverka i Norddalsvassdraget også) fortener i aller høgste grad å bli nemnt i samband med OED sine retningslinjer. Her er det nemleg konflikhtar i fleng, vi nemner:

- Verdfulle landskapselement (Grønskredfossen og Fessene).
- Sårbare høg fjellsområde.
- Biologisk mangfald (mellom anna i og ved Storevika + storlom).
- Inngrepsfrie naturområde (INON).
- Fisk og fiske (i Fessevatnet).
- Friluftsliv.
- Reiseliv (spesielt i samband med småskala reiseliv i Norddalsfjorden).

Vi skal ikkje utdjupe dette nærare, dette kan NVE "alt" om!

### Konsekvensane av utbygginga:

**3.1 Hydrologi:** Ei minste vassføring som er lik 5-persentilane sommar og vinter er normalt OK viss det gjeld ei "flatere" elv. Men i dette tilfellet vil Grønskredfossen bli forvandla til "nesten ingenting" viss det berre er minste vassføringa som skal renne i elva størstedelen av året. Reguleringa av Grønskredvatnet vil føre til at det i mange av flaumane heller ikkje vil renne meir enn minste vassføring i fossen. Berre i store og/eller langvarige flaumar vil det bli overløp. Vi viser til fotoet lenger framme i fråsegna for å illustrere kor viktig Grønskredfossen er sett frå turmålet Fessestølen. Går ein opp på/over fjellryggen mellom Storevika og Fessevatnet, vil ein sjå heile fossen, også nedste delen.

Midt på side 17 har utbyggarane laga ei utrekning av kor mykje vassføringa i Fessene blir redusert viss Grønskredvatnet kraftverk vert bygd. Sitat: *"Middelvassføringa ved Fessene før utbygging er*

3,4 m<sup>3</sup>/s (NVE sit avrenningskart for normalperioden). Ei utbygging med overføringa av Vatn 731, vil føre til ein reduksjon i middelvassføring til 2,8 m<sup>3</sup>/s. Dette er ein reduksjon på 18 % frå opphavleg vassføring.”

**Vår kommentar:** Kraftutbyggarar har mange kreative måtar å bruke tal på, så også i dette tilfellet. Vi vil heller sjå på det som vil vere ein normal situasjon: Middelvassføringa ved inntaket til dei to elvane som skal utbyggast, er oppgitt til 1,05 m<sup>3</sup>/s. Middelvassføringa i Fessene er oppgitt til å vere 3,4 m<sup>3</sup>/s. Det betyr at normalsituasjonen i Fessene vil vere ein vassføringsreduksjon på ca. 31%. Då er det ikkje teke omsyn til minstevassføringa. Gjennomsnittet av 5-persentilane er 0,11 m<sup>3</sup>/s. (5 månader med 0,18 m<sup>3</sup>/s, 7 månader med 0,06 m<sup>3</sup>/s.) Tek ein omsyn til det, blir vassføringsreduksjonen i Fessene i ”normalsituasjonen” ca. 28%. Men så vil det vere situasjonar med **store** flaumar, då vassføringsreduksjonen i Fessene vil verte mykje mindre enn 28%. Og så vil det vere situasjonar når magasinet i Grønskredvatnet vert fylt opp samstundes som kraftverket går for fullt, då vassføringsreduksjonen i Fessene vil kunne bli ein heil del større enn 28%. **Konklusjonen er at vassføringa i Fessene vil bli ganske kraftig redusert, men at den prosentvise storleiken på reduksjonen vil variere sterkt både frå dag til dag og gjennom året.**

**3.5 Raudlisteartar og 3.6 Terrestrisk miljø:** Vi reknar med at andre høyringsinstansar, og NVE, vurderer dette, men vi har nokre tilleggsopplysningar: Ein av grunneigarane på Solheim, opplyste til underskrivne at det er observert Storlom både i Litlevatnet, Storevatnet og Fessevatnet. I Fessevatnet hadde grunneigaren personleg observert eit heilt kull med Storlom, ein vaksen og fleire ungar, (eller heiter det kyllingar for Storlom?) **Dette er ein sterk indikasjon på Storlom-hekking i Fessevatnet.** Ved ei eventuell bygging av Grønskredvatnet kraftverk, vil det bli større vassstandvariasjonar i Fessevatnet. Dette kan vere uheldig for Storlom. Og så kan vel mattilgangen bli påverka?

I området for den Prioriterte naturtypen i Storevika er det minst eitt **stort** lauvtre og ei heil rekkje andre tre som ligg og rotnar. Er desse godt nok undersøkte for biologisk mangfald av ulike slag? Viss ikkje bør det gjennomførast tilleggsundersøkingar, viss NVE, trass i den store motstanden mot utbygginga, skulle vurdere å konsesjon.

**3.7 Akvatisk miljø:** Opplysningar frå grunneigarane på Solheim i Norddalsfjorden viser at dei opplysningane om fisk i Fessevatnet som konsekvensutgreiinga baserer seg på, er sterkt forelda, og at dei dermed i realiteten er ubrukelege! Utgreiinga baserer seg på prøvefiske på slutten av 1990-talet. Då var ikkje tilstanden så god, men no opplyser grunneigarane at fisken og fiske har betra seg **sterkt** dei seinare åra. Dei opplyser også at det har etablert seg ein stamme med storaure i Fessevatnet. Viss dette er rett (og vi for vår del har absolutt ingen grunn til å tvile på det,) **så er den verdien Fessevatnet har for fisk svært mykje større enn det som er lagt til grunn i konsekvensutgreiinga! Storaurebestandar er sjeldne - og viktige!**

Grunneigarane på Solheim sende 01.06.2013 eit brev til Flora bystyre om utbyggingsplanane for Grønskredvatnet og Myrbærdalen, som ligg på deira eigedomar. Vi tillet oss å sitere den siste delen av brevet. Den omhandlar gytetilhøva og fisken i Fessevatnet + at den har med underskriftene:

#### **”Gytetilhøva i Fessevatnet**

Kraftverksplanane inneber at alle dei tre gyteelvene i Fessevatnet vert øydelagde. Ingen elvar vil ha meir produserande areal enn kva minstevassføring vil gi. Dette vil etter vårt syn øydelegge fiskeressursen i Fessevatnet

I vatnet no er det svært fin fisk, stor og i god kondisjon. Etter fleire år med småfallen fisk ser det ut som om vatnet har fått opp ein solid stamme med fiskeetande storaure som held bestanden i balanse med svært høg kvalitet. Vi kan ikkje godta ei utbygging som øydelegg det gode fisket. Fisket er mellom anna ein viktig attraksjon for den nyrestaurerte gjetarhytta (Fessehytta).

## VI OPPMODAR DEG SOM REPRESENTANT I FLORA BYSTYRE TIL Å STEMME MOT GRØNSKREDVATNET OG MYRBÆRDALEN KRAFTVERK.

### Med helsing

Rune Solheim GBnr 76/1 (s)

Sigbjørn Solheim GBnr 76/2 og 3 (s)

Magnar Solheim GBnr 76/4 (s)

Ståle Ottar Solheim GBnr 76/5 (s)

Toralf Otnes GBnr 76/6 (s)

Atle Sølve Solheim GBnr 76/7 (s)

Jørgny Stavang GBnr 76/10 (s)"

Av dei 3 gyteelvane for storaure og vanleg aure som grunneigarane omtalar, får 2 sterkt redusert vassføring som følgje av eventuell bygging av Grønskredvatnet kraftverk, medan den siste vert påverka av Myrbærdalen kraftverk. **Storaure treng store gyteelvar, ikkje minste vassføringsselsvar!**

**Viss NVE skulle vurdere å gje konsesjon til Grønskredvatnet kraftverk og/eller Myrbærdalen kraftverk, må det vere eit absolutt krav at det vert gjennomført nye og grundige fiskeundersøkingar i Fessevatnet!**

Nytt sitat frå konsesjonssøknaden: *"Grønskredvatnet og Vatn 731 er fisketomme og kan vere viktige for sjeldne og sårbare insekt knytt til vatn. Spesielt regulering i Grønskredvatnet vil kunne påverke slike artar."* **Føre-var-prinsippet tilseier at enten må det gjennomførast grundige undersøkingar i dei 2 vatna for å sjå om det finst slike artar, eller så må søknaden avslåast.**

Basert på grunneigarane sine opplysningar om fisken i Fessevatnet, er både verdien av, og den negative konsekvensen for, det Akvatiske miljøet **mykje** større enn det som står i søknaden!

**3.9 Landskap:** Grønskredfossen har etter vårt syn **stor verdi** som landskapselement, sjølv om den ikkje heilt er i "same klasse" som dei heilt spesielle Hestedalsfossane. Men Grønskredfossen er også veldig fin når vassføringa er bra, både sett frå endepunktet for den merka turruta til Fessestølen, og når ein kjem enda nærare langs turruta til vestenden av Fessevatnet. Fossen er også godt synleg på lenger hald, men der er nok Fessene enda viktigare som landskapselement, sjå foto frå Middagsnipa.

I området for Hornelens devonfelt, der det er svært mykje kraftutbygging frå før, har også INON stor verdi. Alt bortfall av INON er derfor uheldig i dette området!

**3.10 Kulturminne og kulturmiljø:** Dei gamle stølsvegane, både den merka til Fessestølen, som vil bli nesten totaløydelaagd av vegane i samband med denne utbygginga, og den umerka til Hestedalsstølen, er kulturminne frå nyare tid!

**3.14 Brukarinteresser:** Vi viser til det vi har skrive tidlegare i fråsegna. Vi vil likevel kome med nokre tilleggskommentarar. Turruta til Fessestølen og til Storfurua og den innhole eika, er mykje brukte, både på turlagsturar, av skuleklassar (vi kjenner ikkje omfanget der) og på uorganiserte turar. Ruta som rundar vestenden av Fessevatnet og går på nordsida av vatnet fram til Fessehytta på Øyra, er også ein heil del brukt, mellom anna på turlagsturar. Med det gode fisket som no er i Fessevatnet, vil bruken, og dermed verdien, av området heilt opplagt auke ganske mykje!

Hovudruta – frå hytte til hytte - frå Årebrot nord for Florø i vest, via Grytadalsbu, (tidlegare også Børabu,) Blåbrebu og Gjegnabu, til Hyen i aust, går langs nordsida av Fessevatnet. Delar av ruta er merka, delar er ikkje merka. (Langs Fessevatnet er den ikkje merka.)



Ei gamal rute, som kanskje ikkje vert så mykje brukt i dag (underskrivne sakshandsamar og ein kamerat som var kjentmann, gjekk den for ca. 40 år sidan), er ruta frå den vestlege delen av nordsida av Fessevatnet, via Ludvikbotnen og gjennom Storebotsskaret til Vestre Storebotnen. Ein verkeleg flott tur! Frå den same ruta, kan ein ta av like før ein kjem til Ludvikbotnen og gå opp ryggen på vestsida av Ludvikbotnelva. Då kan ein lettvinnt gå opp både til Grønskredvatnet, vatn 731 og Grønskredfjellet. Det er nok ikkje mange som går der, men for i alle fall ein del turgåarar, er det viktig å kunne gå i heilt urørte område, og på stadar der det nettopp ikkje går så veldig mange andre. Men dessverre forstår ikkje alle heilt verdien av å ha tilgang til slike turområde også – utanom stiane.

I Fessevatnet er også fiskeinteressene ein viktig del av brukarinteressene. Det er sal av fiskekort for innlandsfiske i heile Norddalsfjordområdet. **Sjå Vedlegg 3** som gir informasjon om prisar og området fiskekortet gjeld for. Fiskekortsalet gir grunneigarane litt inntekter. I tillegg er fiske ein del av tilbodet i det småskala turisttilbodet i Norddalsfjorden, mellom anna på Solheim.

**For Turlaget har området, inklusive Grønskredfossen, storfurua, den innhole eika, Fessestølen og Fessevatnet, Stor verdi for friluftsliv!**

### **Samandrag av Turlaget sitt syn på bygging av Grønskredvatnet kraftverk:**

**I Sogn og Fjordane Turlag går vi så sterkt vi kan mot bygging av Grønskredvatnet kraftverk.** Ei utbygging vil "rasere" store delar av det viktige friluftsområdet langs den nedre delen av Norddalsvassdraget. Dette er heilt uakseptabelt for oss!

### **Kommentarar om Myrbærdalen kraftverk:**

#### **Utbyggingplanane:**

**2.2.3 Reguleringsmagasin og 2.2.4 Inntak:** Både reguleringsmagasinet og inntaket er planlagt i eit område som i dag er så og seie heilt urørt. Inngrepa, med dambygginga, og med inntaket ein annan stad, ganske langt unna, vil gjere det no urørte området inngrepsprega. Det auka omfanget som tørrlegginga av den nedre delen av Myrbærdalsvatnet vil få, er også uheldig for opplevinga av området.

**2.2.5 Vassveg:** Det største problemet med vassvegen er deponeringa av steinmassane. Å deponere steinmassane direkte i storaurevatnet Fessevatnet, verkar ikkje fornuftig. Rett nok kjem steinmassane stort sett ut av syne, men kva skjer med fisken og anna biologisk mangfald i vatnet?

**2.2.8 Vegbygging:** Den vegbygginga som er planlagt i dette prosjektet, 5,1 km heilt ny veg i til dels svært vanskeleg terreng med omfattande fjellsprenging mange stadar, vil vi karakterisere så sterkt som at det er den mest "vanvittige" vegbygginga vi har sett i eit småkraftprosjekt nokon gong. Og vi har sett mange prosjekt! Inngrepa blir så omfattande, så dyre, og så naturødeleggende at vi har vanskar med å forstå at ein utbyggar i det heile kan finne på å søke om noko slikt! Både vegkarta i søknaden sitt Vedlegg 3, og Bilete 11 i Vedlegg 5 fortel ganske mykje om omfanget på inngrepa. Realiteten blir truleg enda verre. Vi har merka oss at grunneigarane også har reagert sterkt negativt. Vi tillet oss å kome med eit nytt utdrag frå grunneigarane sitt brev av 01.06.2013 til Flora bystyre:

#### **"Myrbærdalen kraftverk**

Sjå bilete under. For å kome fram til Myrbærdalen lengst til venstre i biletet må det byggast bilveg i dei bratte berga (frå høgre) langs vatnet. Fleire stader går berget bratt rett ned i vatnet. Resultatet vert veldig skjæringar over lange strekningar som ikkje kan skjulast på noko vis. Av tekniske inngrep kan ein frå før i heile dette landskapsrommet berre sjå ei eldre gjetarhytte (bak til venstre for fotografen). Biletet syner kvar vegen må gå langs Fessevatnet. Strekningen langs Storevatnet er like lang. Utbyggingsprisen er 6,66 NOK/kWh, neppe rekningssvarande sjølv med auka kraftprisar."



Her er fotoet som grunneigarane sin tekst på førre side viser til (underskriftsliste i første sitat):



**2.2.9 Massetak og deponi:** Vi viser til det vi har skrive om dette i punkt 2.2.5 Vassveg.

**2.2.10 Nettilknytning:** At nettilknytninga skal skje via ein kabel i vegen fram til eksisterande 22 kV-linje, er isolert sett bra. **Men både kraftutbygginga og særleg vegbygginga er heilt uakseptabel!**

#### **Konsekvensane av utbygginga:**

**3.1 Hydrologi:** Ei minstevassføring som er lik 5-persentilane sommar og vinter er normalt OK i ei slik elv. Men i dette tilfellet vert den store vekkføringa av vatnet frå det naturlege elvelaupet ekstra ille, fordi den vil føre til auka tørrlegging av den nedre delen av Myrbærdalsvatnet.

**3.5 Raudlisteartar og 3.6 Terrestrisk miljø:** Vi reknar med at andre høyringsinstansar, og NVE, vurderer dette. Som tilleggsopplysning viser vi til det vi skreiv om Storlom i omtalen av Grønskredvatnet kraftverk. Og så har ein det store EDNA-registrerte området i vegtraseen, sjå vedlegg 1.

**3.7 Akvatisk miljø:** Vi viser til det vi og grunneigarane skreiv om storaure og anna aure i Fessevatnet under dette punktet for Grønskredvatnet kraftverk. Konsekvensutgreiinga stadfester grunneigarane sine opplysningar om dei 3 gyte- og oppvekstelvane for auren i Fessevatnet, og den stadfester også til ei viss grad grunneigarane sine opplysningar om fiskeetande storaure.

**3.9 Landskap:** Dei uvanleg flott utforma skråstilte hylleformasjonane aust for Storevatnet og Fessevatnet er synlege frå store område og mange turruter vestafor vatna, inklusive fleire turruter til Haukåbøra. Dei er synlege frå ein del toppar/turmål på sørsida av Norddalsfjorden også, mellom anna Hatlesetnipa som har over 2.000 besøkande årleg. Det at hyllene (sett frå vest) skrånar oppover til høgare sør for Myrbærdalselva og oppover til venstre nord for Myrbærdalselva, gir landskapet og opplevinga av det, ein ekstra dimensjon, og eit ekstra særpreg. **Dette må opplevast!**

Særleg den planlagde vegen vil lage store, og heilt uopprettelege sår i dette landskapet. Etter vårt syn er det ikkje her snakk om berre ein Middels negativ konsekvens. **Her er det snakk om Stor negativ konsekvens i eit landskap som vi meiner har Stor opplevingsverdi!**

**3.10 Kulturminne og kulturmiljø:** Ingen spesielle merknader.

**3.14 Brukarinteresser:** I sjølve utbyggingsområdet er truleg det meste av turaktiviteten knytt til jakt, særleg hjortejakt, og delvis til fiske. Som vi har skrive tidlegare i fråsegna, gjer den gode kvaliteten på fisken i Fessevatnet at ein i åra framover må vente auke i fisket der. Dette også mellom anna grunna rehabiliteringa av Fessehytta. Det som står i søknaden om at det i Fessevatnet stort sett berre er små aure, er fullstendig feil, noko grunneigarane stadfester, sjå tidlegare i fråsegna. Når det gjeld kvaliteten fisken i Myrbærdalsvatnet, har vi ikkje konkrete opplysningar, men det verkar sannsynleg at den er dårlegare enn i Fessevatnet.

Vanleg turlagsaktivitet er det lite av i sjølve utbyggingsområdet. I forhold til det, er ikkje utbygginga problematisk for oss. Når vi likevel ser **sterkt** negativt på utbygginga, og då særleg vegbygginga, er det fordi desse inngrepa vert så godt synlege frå viktige turruter og turmål. Til dømes rasteplassen i Storevika, frå turruta som rundar vestenden av Fessevatnet og vidare austover på nordsida av vatnet, og frå Skinstolægda, Øyrelægda og Hestedalen på turrutene til mellom anna Haukåbøra. Dei linjene i landskapet som hylleformasjonane aust for Storevatnet og Fessevatnet lagar, er som tidlegare nemnt heilt spesielle, og har stor opplevingsverdi. Den planlagde vegen må mange stadar sprengast fram etter linjer som absolutt ikkje stemmer med landskapet sine linjer. Det blir fullstendig feil, og det vil høgst sannsynleg endre opplevinga av landskapet i sterkt negativ retning. Vi er glade for at også grunneigarane tydelegvis i høg grad har sett dette, sjølv om dei brukar andre ord i omtalen av det.

#### **Samandrag av Turlaget sitt syn på bygging av Myrbærdalen kraftverk:**

**I Sogn og Fjordane Turlag går vi så sterkt vi kan mot bygging av Myrbærdalen kraftverk.**

Særleg vegbygginga vil skape heilt uakseptabelt store negative inngrep i det særprega landskapet. Og så er Myrbærdalselva den viktigaste gyte- og oppvekstelva for fisken i Fessevatnet. I tillegg er utbygginga så dyr, at dei store inngrepa ikkje står i noko som helst rimeleg forhold til nytten av utbygginga. Dette er ei klår Nei-sak!

#### **Sumverknadane av fleire utbyggingar:**

Sumverknadane av dei 4 omsøkte utbyggingane i Norddalsvassdraget, gjer at dei negative konsekvensane av enkeltutbyggingane forsterkar kvarandre. Og 3 av utbyggingane er heilt uakseptable også vurdert enkeltvis! **Summen blir svært ille!** Den einaste av dei 4 utbyggingane som er akseptabel, er Litlevatnet kraftverk bygd etter Alternativ B. Då kjem inngrepa ned på eit omfang som vi meiner er innanfor det vi må kunne tole, sjølv i eit viktig turområde.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: [alvar-m@online.no](mailto:alvar-m@online.no).

Venleg helsing  
for SOGN OG FJORDANE TURLAG  
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

Vedlegg 1. Øvst: "Prioriterte naturtyper". Nedst: "EDNA viktige naturområde". [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)

